



# **FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE BANKERS**

## **1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del**

### **1.1 Lovforankring**

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles.»

### **1.2 Lokal organisering**

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturliv. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

### **1.3 Visjon for Time kulturskule**

«Alle barn og unge har oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å mestre det»

### **1.4 Overordna mål**

Time kulturskule er del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag. Verksemda bidrar til å løfte fram kunst og kultur som bærende element i det daglege liv og i

samfunnsutviklinga. Kulturskulen er eit ressurssenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

## **1.5 Pedagogisk plattform**

Time kultuskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen skal bidra til barn og unge si danning, fremme respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjere eigen identitet og utvikle eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod og som tilpassa opplæring etter særskilt behov eller talentutvikling.

## **1.6 Tildeling av elevplass**

Tildeling av elevplass etter søknad, søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

## **1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje**

Lærarane i Time kultuskule er tilsette etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kultuskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som skulekorpsa.

Det er den enkelte lærar som har pedagogisk ansvar for sin undervisning. Alle vert rettleia av kollegateam og administrasjon og rapporterer til sine overordna i Time kultuskule.

## **2. Rammefaktorar for undervisning**

### **2.1 Bankers**

Stort undervisningsrom med god lyssetting.

Tilgjengelege instrument og utstyr, til dømes:

Piano, keyboard , microfonar, forsterkarar, høgtalarar, el.gitar, el.bass, slagverk, djembe, bongo, stjernedryss, xylofon, munnspele, regnstav og andre rytmeinstrument.

Gruppa har 2-lærarsystem

Timeressurs minimum 75 minutt pr veke.

## **3. Fagplan**

### **3.1 Bankers**

#### **Overordna mål**

Overordna mål er at eleven kjenner glede ved å spele, kjenne seg verdsett uansett nivå. Alle medlemmane i gruppa får utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve mestringkjensle. Oppstre jamleg for eit publikum.

#### **Målgruppe**

Vaksne med ekstra hjelpebehov.

#### **Undervisningstimen**

Læraren møter i god tid og tek godt i mot elevane. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over meistring, utøving og læring. Alle har praktiske oppgåver i samband med opp- og nedrigging av bandutstyret.

#### **Start på timen**

Improvisasjonsdel – alle deltek på sitt instrument, startar enkelt oppbugd på få akkordar.

#### **Mellomdel på øvingane**

Alle i bandet får oppgåver tilpassa den enkelte.

### **Eksempel på øvingsmetode:**

Oppbygging av ein låt:

Gå gjennom sangen fleire gonger med pianoakk.

Leggje på eit og eit instrument inkl. rytmeseksjon.

Prøve ut kva som fungerer.

Tilpassa akkordane til gitar/el.bass.

Tilpassa fargekodar til evt. bass på keyboard eller anna keyboardstemme.

Bruke pentaton skala på keyboard. Litt individuell instruksjon innimellom.

Dans til enkelte sangane for 1-2 personar.

Soloinnslag i sangen/musikkstykket for dei personane som behersker det: fløyte, keyboard, munnspele, piano, gitar.

Lærar akkompagnerer på piano og evt. bass.

Øving på ulike låter.

Alle får tid til å dele med andre om dei har noko spesielt å fortelja.

Velge låter – alle i gruppa får koma med forslag til nye sangar/låter eit par gonger i semesteret.

### **Sluttdel**

Avslutter timen med same song kvar gong: ”Nå er timen slutt for i dag.”

Etter nokre av øvingane er det kaffipause og «drøs».

### **Faste opplegg og konsertar :**

Konsertar i kulturskuleregi og minikonsert.

Gudsteneste i Bryne kyrkje

Fyrfestival i Egersund

Delta på klubben Humla

Andre speleoppdrag, gjerne ut av kommunen.

Juleavslutning

Sommaravslutning

### **Læraren sitt ansvar**

Vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heimen.

Stille krav som er realistiske og oppmunstre eleven til innsats og deltaking.

### **Eleven sitt ansvar**

Møte til rett tidspunkt på timane. Vera aktiv og positiv i gruppessamspelet. Ved fråvær skal ho/han gje beskjed til lærar.